

Handlingsplan 2024 - 2025

Fagforbundet avd.547 Sogndal

Vedtatt på årsmøtet den 25.01.2024

Innleiing

Fagforbundet Sogndal har vorte ei stor foreining med medlemmar innan mang tariffområder og har 855 medlemmar pr 31.12.2023. Foreininga manglar ein del tillitsvalte ute på arbeidsplassane og er utfordra av Sogndal kommune KS under forhandlinga av frikjøpsordninga til å aktivt arbeide for å få dette på flest mogleg arbeidsplassar innan utgangen av 2024. Dette for å kunne få innvilga 200 % frikjøp av Hovudtillitsvalte, der me i dag har 180%. Det må og arbeidast aktivt for å behalde og rekruttere nye medlemmar. Målet må og vera å kunne ha personar til alle verv i styret for å få et godt og aktivt styret.

Strategiplanen 2024 - 2025

Strategiplanen er landsstyrets prioritering av arbeidet i heile organisasjonen. Eit av hovudmåla for Fagforbundet er auka tariffmakt. Den gir oss styrke til å ivareta medlemmene sine interesser overfor arbeidsgivar og i samfunnet, sjå Strategiplan 2024-2025.

Følgande område er prioritert:

- Heiltid, likeløn og kampen for mindre forskjellar
- Gode offentlege tenester med egne tilsette
- Organisasjonsbygging og tariffmakt
- Fag- og tenesteutvikling
- Alliansebygging, myndigheitskontakt og fagleggpolitisk påverknadsarbeid
- Digitalisering

Heiltid, likeløn og kampen for mindre forskjellar

Hovudmål 2024-2025

- Fleire kommunar har starta arbeidet med å etablera ein heiltidskultur.
- Færre jobbar deltid, og fleire av Fagforbundet sine medlemmar har heile, faste stillingar.
- Lønsgapet mellom kvinner og menn blir mindre.
- Forbetra og tryggja medlemmane sine pensjonsrettar. Målretta innsatsen i privat sektor og tariffesta kjønnsnøytrale og livsvarige pensjonsordningar.

Fagforeiningas mål:

- **Drøfte og ta initiativ mot en heltidskultur i kommunen.**
- **Følge opp lærlinger**
- **Etterspør og ta del i kompetanseplaner**
- **Fremme krav om å øke i stilling framfor å utlyse.**
- **Tillitsvaltopplæring.**

Dette er ett arbeid styret må ha på agendaen under kvart styremøte, og vil framgå av informasjon og orientering frå de tillitsvalgte ute. Foreninga skal aktiv sørge for at det vert tillitsvaltopplæring når det er behov og ynskje om det.

Gode offentlege tenester med egne tilsette

Hovudmål 2024-2025

- Konkurransetsetting, privatisering og sosial dumping motverkast gjennom påverknadsarbeid, kartlegging, kunnskap og skulering.
- Offentleg finansierte tenester blir ikkje konkurransetsette, og ein støre del av tenestene i kommunar, fylkeskommunar og helseføretak driftast med egne tilsette.
- Styring og leing i offentlig sektor bygger på tillit og treparsarbeid.

Fagforeiningas mål:

- Ta del i drøftingar med arbeidsgivar
- Holde seg oppdatert på postlista og intranett til kommunen
- Se til at kommunale tjenester blir i egenregi
- Lese politiske saker

Dette arbeide vil vera ein stor del av oppfølginga til trepartsamarbeide. Agenda og samtale på styremøte, der styret er «litt» aktivt inne og føl med på postlista, samt drøftingar mellom dei hovudtillitsvalte og arbeidsgivar. Ha politikk på agenda i styremøta.

Organisasjonsbygging og tariffmakt

Hovudmål 2024-2025

- Styrka tariffmakt i KS-området/Oslo kommune.
- Styrka tariffmakt i Spekter helse.
- Styrka tariffmakt i NHO-området.
- Ti prosent auke av lærlingmedlemmar.
- Ti prosent auke av studentmedlemmar.
- Tillitsvalde nyttar forbundet sine ulike kommunikasjonsplattformer i arbeidet.
- Tillitsvalde har kompetanse og verktøy til å utøva sitt verv.

Fagforeiningas mål:

- **Styrka tariffmakt i KS-området ved å verva 160 nye medlemmar.**
- **Kursing av tillitsvalte på bruken av kommunikasjonsplattformer og digitale verktøy.**
- **Styrka tariffmakta i NHO-området ved å verva 15 medlemmar.**
- **Arrangere Grillkveld til sommaren 2024**
- **Juleavslutning 2024 og 2025**
- **Arrangere 2 medlemsmøte pr.år**

Foreininga skal i perioden drive aktivt medlemsverving på arbeidsplassane i kommunen ved å gjennomføre 3 arbeidsplassbesøk i halvåret. 1 av desse besøka skal vera i NHO-området.

Styret skal årleg gjennomføre kursing av tillitsvalte i bruken av arbeidsplattformer for å styrke utøvinga av deira verv.

Utføre besøk av IKS selskap

Arbeidsplassbesøk i PBL

Arbeidsplassbesøk på fylkeskommunen

Fag- og tenesteutvikling

Hovudmål 2024-2025

- Prioriterte yrkesgrupper og område er synleggjort.
- Fleire medlemmar har tilbod om relevant kompetanseheving.
- Talet på læreplassar samsvarer med arbeidets og samfunnets behov.

- Fagforbundet er ein aktiv aktør i klimapolitikken, og medlemmane tar del i det lokale klima- og miljøarbeidet.

Fagforeiningas mål:

- Arbeide for at å få fleire lære plassar og at fleire tar fagbrev.
- Vidaresende informasjon og invitasjon om faglege tilbod pr. e-post.
- Bruke foreininga si digitale plattformer for å nå ut med informasjon.
- Promotere de gode stipendordningane me har i LO.

Arbeide aktivt opp mot arbeidsgivar for å få fleire lære plassar. Arbeide for rekruttere fleire til å sitte i prøvenemnd.

Alliansebygging, myndigheitskontakt og faglegpolitisk påverknad

Hovudmål 2024 - 2025

- Engasjera medlemmar og tillitsvalde til å fremja Fagforbundet sin politikk.
- Fleirtalet av Fagforbundets medlemmar har brukt sin stemmerett i stortingsvalet i 2025, og stemt på parti som støttar forbundets mål og arbeid.
- Bygga kunnskap og alliansar for klima- og miljøsaka nasjonalt og lokalt.
- Ha eit godt samarbeid med parti som deler Fagforbundet sin ideologi og sine verdiar.

Fagforeiningas mål:

- **Arrangere politisk paneldebatt haust 2025**
- **Ha stand med oppmoding om å nytta stemmeretten i forkant av valet, august 2025**
- **Invitere inn til styremøta, lokale politikara som har same ideologi som Fagforbundet i lokale saker.**

Digitalisering

Hovudmål 2024 - 2025

- Nasjonal/offentleg skyteneste blir vedteken.
- Digitale løysingar i offentleg sektor er integrert i partssamarbeidet.
- Det er sett i gang arbeid for å motverka digitalt utanforskap.
- Forbetra digital kompetanse hos tillitsvalde.
- Tillitsvalde har enklare tilgang til relevant informasjon og verktøy for å utøva vervet.

Fagforeiningas mål:

- **Holde enkle kurs for tillitsvalgte i den digitale plattformen me har.**
- **Oppmode medlemmane til å senda melding om endringar. !**

